

## Kartlegging av miljøproblem og forslag til tiltak for Jostedalsvassdraget.

Det er utført to store kraftutbyggjinger i Jostedalsvassdraget. Leirdølautbyggjinga på -70 talet og Jostedalsutbyggjinga på -80 talet. Desse to utbyggjingane tilsaman har redusert fiskebestanden i vassdraget betrakteleg.

For eksempel vart den fyrste utbyggjinga på -70 talet gjennomført utan at det vart sett krav til minstevassføring. Dette vart katastrofalt for den mest produktive sidebekken i vassdraget, Fonndøla. Når Jostedalsutbyggjinga vart gjennomført så senka ein temperaturen i vassdraget med ca 1°C noko som medførte at ei allereie kald breekelv, som er på kanten av kva som er råd for fisken å reprodusera seg i, vart endå kaldare. Lovnaden i forkant av utbyggjinga var at temperaturen i vassdraget skulle stiga med 1°C. Prognosane svikta heilt.

Med bakgrunn i rapporten «Fiskebiologiske undersøkelser i Jostedøla hausten 2001» rapport nr 117, utført av Laboratorium for ferskvannøkologi, Universitetet i Bergen, vil Røneid og Gaupne grunneigarlag belysa nokre miljøproblem i Jostedøla og føreslå tiltak for fiskefremjande tiltak mot desse.

**Kvernelvi v/ Høgemo**, frå gammalt av ei produktiv sideelv. Denne har mykje sedimentert masse i løpet og i utgangen til hovudelva. Dette kjem frå eit betong verk og ein eldre fylling eit stykke oppe i elva. Denne kan optimaliserast for gyting og oppvekst av yngel.

**Fonndøla**, har pr i dag ikkje minstevassføring. Var frå gammalt av var dette den kanskje mest produktive sideelva i vassdraget. Det vart laga nytt elveleie under utbyggjinga på -70 talet slik at det vetle vatnet som er i elva i dag forsvinn i grunnen før det når hovudløpet. Statkraft har arbeidd på planstadiet i ei årrekke utan at tiltak har vorte utført i praksis. Dette fører til at i sommarhalvåret kan ein risikere at elva er turrlagd. Det er kun nokre hølar att, og då må yngelen «bergast» oppi desse eller sleppast ut i hovudløpet av godhjerta forbipasserande. Lengden det er snakk om er ca 150-200m. På dette strekket er det og ei bru som har ein betongterskel som hindrar oppgang av gytefisk. Forholdsvis småe tiltak her, der ein del av planleggjinga allereie er utført, vil forbetra gyte og oppveksttilhøva betrakteleg.

**Rydøla og Åsmoløken** er sidebekker med potensiale men har pr i dag ikkje egna forhold for gyting og oppvekst. Det trengs optimalisering av bekkeløpa for å auka produksjonen av fisk.

**Kvernelvi v/Alsmo**, øvre del av denne sideelva er egna for reproduksjon, men nedre og lengste del av elva har botn av mold og dårleg definert elveløp. Her kan ein ved å definera elveløpet, fjerne moldbotnen og legge i gytegrus auke produksjonspotensialet monaleg. Statkraft driv i skrivande stund på å køyrer elvegrus inn på jordteigane ved sida av denne elva for å heve desse. Dette for å unngå overfløyming frå hovudvassdraget.

Rapporten seier at **trapp** i hovudløpet ved langøyane vil hjelpa for å auka elevstrekningen der fisk kan gyta. Dette vil og gje tilgang til fleire sidebekker som har potensiale som gyteplassar og oppvekstområde for fisk. Det er bygd ei laksetrapp, men den står så langt ut i elveløpet at når det er

flaum i vassdraget vert denne ofte skada. Dette fører til at den til tider «fangar» fisk i trappa når elva minkar. Viss ein ikkje sjekkar trappa etter flaum kan ein risikere at fisken vert liggjande på turrt land når elva minkar. Trappa bør flyttast vekk frå hovudløpet og konstruerast slik at den er tryggare og fungerer betre enn det den gjer pr i dag.

**Rognutsetjing** i hovudløpet er og noko som står nevnt i rapporten. Dette vart gjort som eit forsøksprosjekt over 10 år og vart avslutta for ca 2år sidan. Etterpå skulle det vurderast kva innvirkning dette arbeidet hadde på fiskebestanden. Seinare teljingar heller til at rognutsetjinga i 10års perioden har vore vellykka. Det vert pr i dag ikkje sett ut rogn i Jostedalsvassdraget.

Det er som nevnt i innleiinga ingen tvil om anna enn at dei to store utbyggjingane, som er utført av Statkraft, har påført vassdraget store tap i fiskebestand og dermed fisket. Dette må Statkraft ta ansvaret for og utføre dei tiltaka som er naudsynt for å heve bestanden.

Røneid Grunneigarlag

Fiskeutvalget v. Anders Knut Molland  
Kjell Arne Stegegjerdet

1 vedlegg, Rapport nr 117, Fiskebiologiske undersøkelser i Jostedøla hausten 2001